



UKM 5/18 Seksualundervisning i kyrkja

Bakgrunn:

På Kyrkjemøtet i 2018 vart visjonsdokumentet for Den norske kyrkja revidert og fylgjande tekst vart tatt inn (sjå vedlegget):

6. Kyrkja skaper trygge rom:

- Alle menneske har ukrenkeleg verdi.
- Kyrkja deltek i arbeid mot undertrykking og alle former for vald og overgrep.
- Kyrkja fremjar språk for, og samtale om, grenser, makt og seksualitet.
- Kyrkja deltek i #metoo-bevegelsen, #torsdagerisvart og tilsvarande.

Bibelske/kristne perspektiv:

Utifrå kristen tenking kjem mennesket sin verdi frå Gud. Dette inneber at eit menneske aldri skal brukast som eit middel (for nokon eller noko anna), men alltid vera eit mål i seg sjølv. Den danske teologen Knud Ejlert Løgstrup er kjend for sitatet: «Du har aldri med et annet menneske å gjøre uten å holde en bit av dets liv i din hånd», og dette viser til ein grunnleggande respekt og omtanke for det einskilde menneske. Når menneske blir gjort til objekt, gjort til umyndige gjenstandar for andre sitt begjær eller blir krenka, er dette i strid med det kristne menneskesynet.

Gudsbileta i Bibelen er mangfaldige. Dei er både prega av førestillingar av at Gud er forrykande, mektig og nokre gongar legitimerer eller brukar vald, og av at Gud er nådig og angrar og lyfter opp og støttar dei svake og undertrykte.

Forteljingar i Bibelen kan nyttast som utgangspunkt for å diskutere kjønnsroller, maktbruk og grensekrenkingar. Til dømes kan historia om David og Batseba (2.Sam kap.11) og forteljinga om Tamar (2.Sam kap.13) brukast for å drøfte og synleggjere korleis patriarkalske strukturar kan underbygge og legitimere maktmisbruk og overgrep.

I kyrkja har seksualitet ofte blitt knytt til skuld og skam, og for mange vil dette bakteppet prega møtet med kyrkja si formidling om seksualitet, grenser, makt, porno og etikk. Om vi som kyrkje skal tematisere dette, vil det å halde fast i eit positivt syn på seksualitet vere avgjerande for samtalen. I

Ordforklaringar/Fakta o.l.

NOVA-rapporten 2016:

<http://www.hioa.no/content/download/125214/3227117/file/Vold-og-overgrep-mot-barn-og-ung-NOVA-Rapport-5-16-web.pdf>

Bibelske ressursar om makt:

Marias lovsong ([Luk 1,46-55](#)), Jesaja 57, 15.

WHO's definisjon av seksualitet:

«Seksualitet er en integrert del av ethvert menneskes personlighet; mann, kvinne og barn. Seksualiteten er et grunnbehov som utgjør et aspekt av å være menneske, og som ikke kan skilles fra andre livsaspekter. Seksualitet er ikke det samme som samleie eller evnen til å oppnå orgasme, og er heller ikke summen av hele vårt erotiske liv. Alt dette kan være en del av vår seksualitet, men behøver ikke å være det. Seksualitet omfatter så mye mer, den finnes i energien som driver oss til å søke kjærlighet, kontakt, varme og nærhet. Den uttrykkes i det vi føler, hvordan vi beveger oss, hvordan vi berører andre og selv blir berørt. Seksualiteten handler om å være sensuell, så vel som å være seksuell. Seksualiteten påvirker altså våre tanker, følelser, handlinger, og vårt samspill med andre mennesker.»

det bibelske materialet finst det mange haldepunkt for å formidle eit slikt syn: Salomos høgssong er eit langt erotisk dikt, og i Salomos ordtak 5,18 – 19 er seksualiteten skildra som noko som er fylt av glede og er godt. 1. Korintarbrev 7,3 lyfter fram den seksuelle nytinga mellom ektefeller som både ein rett og ei plikt. Som kyrkje må vi ha auge for den gode seksualiteten og samstundes vere medvitne maktmisbruk, krenkingar og grenseoverskridingar.

Makt, grenser, seksualitet og porno

Overgrep og krenkingar skjer ikkje berre i openlyst ujamne maktforhold. Nyare forskning, til dømes NOVA-rapporten om vald og overgrep mot barn og unge frå 2016 (sjå faktaboks) viser at det har vore ein svak nedgang i overgrep gjort av lærarar, trenarar og andre tillitspersonar, men ei auke i seksuelle krenkingar mellom jamnaldrande. Forfattarane av NOVA-rapporten koplar dette til ulike ungdoms- og seksualitetskulturar. Den teknologiske utviklinga med auka tilgjenge til smarttelefon og internett har i særleg grad medverka til to ting: det har blitt kvardagsleg for mange unge å sende og å be om nakenbilete, og vi har fått ei massiv auke i unge sitt pornokonsum. Det kan tenkast at forventingar og myter frå porno påverkar barn og unge sine haldningar til eigen og andre sin seksualitet, og bidreg til høgare risiko for grensekrenkingar.

Den tydelege visjonen om trygge rom i kyrkja, sett saman med #metoo-kampanjen frå det siste året (sjå faktaboks) og den plassen pornografi har fått i ungdommar sitt liv i dag, utfordrar Den norske kyrkja til å tematisere grenser, makt og seksualitet. #metoo handlar i stor grad om makt og misbruk av makt. Fokuset på dette er stadig viktig i kyrkja sitt arbeid, både blant vaksne og i barne- og ungdomsarbeid. I tillegg til dette er ungdommar sine pornovanar i endring, og behovet for å finne ut kva vi som kyrkje skal meine og korleis vi skal snakke om seksualitet i kyrkja melder seg.

Pornografi er for veldig mange ungdommar den største kjelda til kunnskap om sex, og i fylgje statistikk frå nettstaden pornhub, ligg Noreg i verdstoppen når det kjem til pornobruk. I ungdomsåra er hjernen i sterk utvikling, og konsekvenstenkinga og «impulsbremsene» er på sitt svakaste i puberteten. I situasjonar der vi manglar erfaringsgrunnlag, er vi alle meir påverkelege. Desse faktorane kan saman skape ei sårbarheit for misoppfatningar, urealistiske forventingar til oss sjølve og andre, og ein auka risiko for å krenke andre sine grenser, eller gå over eigne grenser. Samtale og refleksjon rundt spørsmål som «kva for førestillingar og idear gir pornoen oss?», «korleis verkar porno på oss?» og «kva er realistiske og urealistiske kroppsideal og seksuelle erfaringar?» kan bidra til å førebygge krenkingar og misbruk blant unge. Skolen si seksualundervisning er veldig mange stader fri for etisk refleksjon, og

#metoo eller #MeToo, er ein emneknagg og ein verdsomspennande grasrotkampanje i sosiale media. Merkelappen «eg og» markerer at ein person har blitt utsatt for uønskt seksuell merksemd og støttar andre som har opplevd det same. Stikkorda skal vise omfanget av seksuelle overgrep og trakassering, særleg mot unge kvinner i arbeidslivet.

Metoo-fenomenet starta i USA i oktober 2017, men har røtter tilbake til 1997.[2] Kampanjen har sidan utvikla seg til ei rørsle som har fått tilslutning frå millionar,[3] fyrst og fremst kvinner, og skapt omfattande debatt, særleg i Nord-Amerika og delar av Europa. Kampanjen har også ført til at historier om sextrakassering og andre krenkingar har blitt offentleg kjent gjennom ei rekke nyheitssaker der namn på overgripingar har blitt avslørt. Fleire, mellom anna innan politikk, media og underholdning, har mista jobbar og posisjonar etter at varslar har blitt tatt på alvor.



seksualundervisning i kyrkja kan difor bidra positivt med andre perspektiv enn dei reint naturvitskapelege. Kyrkja har mandat og autoritet til å legge til rette for samtalar om grenser, respekt og kjensler. Mange vegrar seg for å ta slike samtalar med unge, samstundes som vi veit at ungdommar sjølv etterlyser ei seksualopplysning som i større grad tek opp desse spørsmåla.

I dei kristne ungdomsmiljøa og organisasjonane er det ikkje alltid like lett å identifisere kven som har makt i ulike situasjonar. Det er difor behov for ei stadig merksemd på tematikken, for å få i gong samtalar og bli medvitne på ulike typar maktdynamikk. Alle menneske, også unge, kan stå i fare for å krenke grensene til andre. Kristne ungdomsorganisasjonar og -miljø kan også vere stader der menneske som har opplevd ulike former for vald og krenkingar finn seg til rette. Dette, saman med kyrkja sitt oppdrag og grunnlag i solidaritet med dei undertrykka, dannar bakgrunnen for at vi må ha eit stadig fokus på makt, seksualitet og grenser. Tydeleg, modig og reflektert seksualundervisning med plass for heile menneske kan vere med på å førebygge og forhindre overgrep, og kan gjere det lettare for utsette å fortelje og søke hjelp tidleg.

Aksjonen #torsdagerisvart eller #thursdaysinblack, har opphav i Kirkenes verdensråd. Med bakgrunn i KV sitt "Decade of Churches in Solidarity with Women" (1988-1998) har kyrkja ynskja å vise si støtte til kvinner som er ofre for krigsvoldtekt, overgrep, og misbruk og vald.

#torsdagerisvart er ein aksjon i protest mot vald og overgrep, og i solidaritet med dei som er ramma.

Utfordringsspørsmål

- Kva formidlar kyrkja om seksualitet i dag?
- Kva skal kyrkja meine om seksualitet og porno? Og korleis skal kyrkja kommunisere og formidle dette til medlemmane sine, og til tilsette og frivillige?
- Korleis skal kyrkja si seksualundervisning vere?
- Kor tidleg skal ein byrje med seksualundervisning i kyrkja? Er konfirmasjonstida tidleg nok?
- Kva skal kyrkja si haldning til porno vere?
- Korleis snakkar vi om seksualitet i kyrkja? Korleis bør vi møte seksualitet på nettet?
- Kan det vere noko positivt med porno?
- Korleis kan kyrkja bidra til haldningsskaping på tema som seksualitet og porno?
- Kva for budskap formidlar pornoindustrien om tema som kjønn, maskulinitet, feminitet, seksualitet, aggresjon, samtykke, rase, skeiv sex, forhold og kropp?
- Korleis kan vi som kyrkje vere medvitne på maktbruk, både som organisasjon og som einskildmedlemmar?
- Korleis kan vi legge til rette for samtalar som tematiserer grenser, samtykke, kultur og makt?
- Korleis kan vi bruke Bibelen sine tekstar om makt og seksualitet på måtar som bidreg til refleksjon rundt eigen maktbruk?

Innspel til diskusjonen:

Punkta under ei blanding av forskingsbaserte funn og verdibaserte synspunkt. Fordi omfanget og utbreiinga av pornografi har vokse så raskt, har ein ikkje eintydige forskingsmessige svar på påverknaden som porno har. Innspela under er teke med for å få i gong ein god diskusjon om temaet.

- Ein bør handle i solidaritet med dei som blir utnytta i pornoindustrien: Pornoskodespelarar blir ofte rekruttert frå fattigdom, og har ofte opplevd omsorgssvikt eller overgrep. Det er også koplingar mellom menneskehandel og pornoindustrien.
- Mykje av pornoen på internett har eit kvinneundertrykkande preg, med kameravinkel frå mannen sitt perspektiv, valdelige/sadistiske plot og ei underbygging av voldtaktsmyter som at jenter/kvinner fyrst seier nei til sex, men så ombestemmer seg om ein ikkje gir seg. Språkbruken, som særleg gjeld kvinner, er ofte veldig grov, aggressiv og nedverdiggande. Dette har skadelege konsekvensar dersom dette er eit syn på seksualitet som får dominere utan korreksjon.
- Omfattande pornobruk kan, men må ikkje, bidra til prestasjonsangst og dårlig sjølvbilete.
- Mange barn ser porno og lærer frå porno. Mange barn seier at dei angrar på å ha sett pornoklipp på nettet. 34 prosent av norske barn mellom 9 og 16 har oppsøkt eller komme over porno (EuKids Online).
- Det er ikkje klare teikn på at barn tar skade av å sjå på porno (EuKids Online¹), men dei bør likevel skjermast frå det.
- For bifile og homofile kan ikkje-heteroseksuell pornografi vere med på å normalisere og ufarleggjere eigen seksualitet, og bidra til å dempe skam knytt til egen identitet.
- Nokre kan få eit tvangsmessig forhold til pornografi, fordi seksuell stimulans/onani der porno blir brukt som hjelpemiddel utløyser hormon som får ein til å føle seg betre. Mange av dei som har eit tvangsmessig forhold til porno fortel om at pornoen blir ei flukt frå det som er vanskeleg i livet, og fleire skammar seg over pornoavhengigheita. Desse treng støtte og hjelp til å få meir råderett over eige liv og eigne handlingar. Skam over tvangsmessig bruk av pornografi kan skape vanskar i relasjonar til andre menneske og vanskar med eigen seksualitet. Ein del unge gutar oppgjer at dei har problem med å bli tente utan porno.
- Nøttestad, Øverland og Hald (Psykologtidsskriftet 2010) viser at porno kan, for ein lita gruppe menn som frå før er i relativt høg risiko for å vise seksuell aggressiv åtferd, auke risikoen for at desse gjer overgrep.
- Omsorgssvikt, dårlig tilknytning til omsorgspersonar og mangelfull empatiutvikling kan gje større sjanse for seksuell grensekrenkande åtferd enn det å ha sett mykje grov porno, eller å ha blitt utsatt for overgrep sjølv. Det er altså ikkje direkte samanheng mellom å sjå grov porno og utsetje andre for overgrep, og det er ikkje direkte samanheng mellom å vere utsatt for overgrep og å utsetje andre for overgrep.

¹ <https://lsedesignunit.com/EUKidsOnline/html5/index.html?page=1&noflash>

- Press, forventningar og idear om korleis sex går føre seg kan bidra til å skape situasjonar der ein nærmar seg eller går over grensene til ein annan, fordi ein har førestillingar om sex som ikkje er uttalte og ikkje har blitt gjenstand for samtale.
- Handlingar og praksisar frå porno kan vere bakanforliggende i ungdomskulturar der det å sende nakenbilete eller seksualisert innhald av seg sjølv eller andre (filming av sex o.l.) er blitt vanleg. Nettet er ein grenselaus arena, og så snart ein har trykka «send», har ein ikkje lenger kontroll på eit bilete eller ei melding. Fleire har opplevd at bilete- og videomateriale har blitt spreidd og er «evig» tilgjengeleg på nettet. Slik kan materiale på nettet bli ei varig krenking.
- Porno kan skyve på grensene for kva som er akseptabelt, og skillet mellom fantasi og realitet kan bli utydeleg. Politiet rapporterer om at fleire voldtektssakar enn tidligare er inspirert av porno, og at mange gutar på vidaregåande trur at jenter går rundt med valdtektfantasier.²
- Å sjå porno kan bidra til at en får eit mindre spent og vanskeleg forhold til eigen seksualitet fordi porno har fokus på glede, lyst og nyting og ikkje på vanskelege opplevingar knytt til sex.
- Bilete av kva som er sunn og trygg seksualitet som ikkje er til skade for ein sjølv eller andre, vert endra negativt i dagens ungdomskultur.
- «Majoritetsmisoppfattingar» som at «alle andre» har hatt sex, eller at det er vanleg med trekantsex og analsex blant 15-åringar, er ofte formidla gjennom porno. Dette kan igjen skape sårbarheit for grenseoverskridingar fordi ein kan handle utifrå tankar om at det pornoen formidlar er slik sex er for «alle andre».

Vedlegg:

- <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/plandokumenter/visjonsdokument/>
- <http://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/>
- <http://moderneslaveri.no/>
- <https://kirken.no/nb-NO/reformasjon-2017/mennesker-er-ikke-til-salgs>

² <https://www.aftenposten.no/kultur/i/v4BBj/Forfatter-og-politimann-Eirik-Husby-Sather--Mange-gutter-tror-det-er-helt-vanlig-at-jenter-fantasierer-om-voldtekt>